



MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Loen - Hotel Alexandra
Møtedato	08.10.2019
Kl.	10:00 – 18:35

År 2019, 8. oktober kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Hotel Alexandra, Stryn kommune.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 18. september 2019. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representantane Anders Ryssdal og Ole Johnny Stubhaug, begge Senterpartiet, hadde meldt forfall til tingseta. I deira stad møtte 1. vararepresentant Per Atle Kjøllesdal og 6. vararepresentant Oddmund Klakegg. Representanten Gunhild Berge Stang, Venstre, hadde meldt forfall til tingseta. I hennar stad møtte 3. vararepresentant Klaus Arne Iversen. Fylkestinget godkjende forfalla til Ryssdal, Stubhaug og Stang.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SENTERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmeseter
Gunn Åmdal Mongstad
Arnstein Menes
Gunn Sande
Erlend Haugen Herstad
Per Atle Kjøllesdal
Oddmund Klakegg

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Harald Bjarte Reite
Karianne Torvanger
Henrik Oppen
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic

HØGRE:

Norolv Distad
Sonja Øvre-Flo
Bjørn Hollevik
Anne K. Lilleaasen

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

VENSTRE:

Alfred Bjørlo
Klaus Arne Iversen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob André Sandal

MILJØPARTIET DEI GRØNE:

Stein Faleide Malkenes

UAVHENGIG:

Marita Aarvik

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Gunn Sande og Jakob André Sandal vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene 37 - 49/19 var sendt ut 30. september 2019.

Saklista vart godkjend.

Ordførar i Stryn kommune, Sven Flo, helsa fylkestinget.

Innovasjon Norge sin Bedriftsutviklingspris i landbruket i Sogn og Fjordane for 2019 vart delt ut til Straumsnes Mjølk og Kjøt DA, ved Ole Jakob Nedrebø, Kjartan Åsnes og Hilde Åsnes, og Storfprosjektet i Sogn og Fjordane, ved Jo-Helge Sunde.

Fylkestrafikktryggingsprisen 2019 vart delt ut til Audun Heggestad i Trygg Trafikk.

SAK 37/19 Kontroll av reiserekningar på politisk nivå

VEDTAK:

1. Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning
 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen
 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:
 - a. Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermbiletet i reiserekningssystemet (første skjermbilete)
 - b. Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttorskjermbiletet
 4. Tiltaka 3a og 3b vert innført og presistert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune
-

SAK 38/19 Trivselshagen IKS - Selskapskontroll - rapport

VEDTAK:

- A. Rapport etter gjennomført selskapskontroll av Trivselshagen IKS vert teken til etterretning
- B. Fylkestinget ber fylkeskommunen sine eigarutsendingar ta initiativ i representantskapet til å sette i verk følgjande tiltak:
 1. Ferdigstille arbeidet med å utgreie eigarstruktur
 2. Utarbeide felles eigarstrategi for selskapet (dersom ein ikkje vel å dele selskapet)
 3. Syte for at representantskapsmedlemmane deltek i eigarmøta.
 4. Revidere og vedta ny selskapsavtale, og under dette tydeleggjere føremålet med selskapet.
 5. Revidere og vedta nye leigeavtalar, inkludert avtale om fordeling av driftsoppgåver. Under dette også klargjere kva som skal reknast som framleige.
 6. Revidere og vedta ein avtale om areal- og kostnadsfordeling som er basert på faktisk bruk av areala, inkludert framleige.
 7. Følge opp at selskapet setter i verk tiltak for å betre samhandlinga mellom leigetakarane og selskapet.
 8. Følgje opp at selskapet gjer ei ny vurdering av MVA-plikta
 9. Klargjere og eventuelt avtalefeste korleis overføring av tomтар skal skje, særleg det som gjeld festetomter og kva konsekvensar det har for betaling av festeavgift (om det ikkje inngår i ein ny selskapsavtale).

----//----

Fylkestinget fann Sigurd Reksnes og Jakob André Sandal inhabile til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2, for Reksnes sitt vedkomande, og § 6 andre ledd for Sandal sitt vedkomande.

Kjell Kristian Carlsen tok sete i tinget for Reksnes. For Sandal møtte ingen varamedlem.

SAK 39/19 Regionalt forskingsfond Vestlandet. Årsrapport 2018

VEDTAK:

Fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet i Regionalt forskingsfond Vestlandet til vitande.

SAK 40/19 Fylkestinget erklærer klimakrise i Sogn og Fjordane, jf. kommunelova kap. 6A om innbyggarinitiativ

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærer klimakrise. Vi erkjenner at fylket står overfor utfordringar som er omfattande og krev ekstraordinære tiltak.
2. Vi ønskjer å styrke klimaomstillinga ved å setje i verk berekraftige tiltak til beste for samfunnet, innanfor naturen sine tolegrenser.
3. Vi oppmodar om å erklære nasjonal klimakrise, då mykje av handlingsrommet ligg på nasjonalt nivå.
4. Dette skal vere eit premiss for det vidare arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune.

Endringsframlegg:

Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til endring:

Ta inn omgrepene «miljøkrise» i punkt 1 og 3, slik at formuleringa vert «klima- og miljøkrise».

Avrøyting:

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedteken endring, vart vedteken mot éi røyst.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærer klima- og miljøkrise. Vi erkjenner at fylket står overfor utfordringar som er omfattande og krev ekstraordinære tiltak.
 2. Vi ønskjer å styrke klimaomstillinga ved å setje i verk berekraftige tiltak til beste for samfunnet, innanfor naturen sine tolegrenser.
 3. Vi oppmodar om å erklære nasjonal klima- og miljøkrise, då mykje av handlingsrommet ligg på nasjonalt nivå.
 4. Dette skal vere eit premiss for det vidare arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune.
-

SAK 41/19 Avvikling av Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i at Sogn og Fjordane Revisjon IKS blir avvikla frå og med 31.12.19, men slik at årsrekneskapen for driftsåret 2019 blir revidert av selskapet.

----//----

Fylkestinget fann Per Atle Kjøllesdal inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2. Kjell Kristian Carlsen tok sete i tinget for Kjøllesdal.

Endringsframlegg:

Fylkesordføraren sette fram slikt framlegg:
Ta vekk «frå og med 31.12.19».

Avrøysting:

Fylkesordføraren sitt framlegg, og tilrådinga frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i at Sogn og Fjordane Revisjon IKS blir avvikla, men slik at årsrekneskapen for driftsåret 2019 blir revidert av selskapet.

SAK 42/19 Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS – justering av aksjonæravtale, vedtekter og gåvebrev

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde aksjonæravtale og vedlagte gåvebrev, jf. vedlegg 1 og 3.
2. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar vedtekten sine i samsvar med vedlegg 2, men med følgjande ny formulering i § 5:

«Selskapet skal ha eit styre med fem medlemer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Minst ein av medlemene som vert valde av eigarne av aksjeklasse A, skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

Selskapet sin styreleiar åleine teiknar firmaet.»

-----//-----

Fylkestinget fann Hilmar Høl og Per Atle Kjøllesdal inhabile til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2, for Høl sitt vedkomande, og § 6 andre ledd for Kjøllesdal sitt vedkomande.

Kjell Kristian Carlsen tok sete i tinget for Kjøllesdal. For Høl møtte ingen varamedlem.

Endringsframlegg:

Fylkesordføraren sette fram slikt framlegg til endring i vedtekten § 5, femte setning :

«Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av dei skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.»

Avrøysting:

Fylkesordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.
Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedteken endring, vart vedteken mot to røyster.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde aksjonæravtale og vedlagte gavebrev, jf. vedlegg 1 og 3.
2. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar vedtekten sine i samsvar med vedlegg 2, men med følgjande ny formulering i § 5:

«Selskapet skal ha eit styre med fem medlemer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av dei skal ha folkeregistert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.»

SAK 43/19 Eigarmelding 2019

VEDTAK:

1. Fylkestinget tek Eigarmelding 2019 til vitande.
2. Fylkestinget oppmodar Vestland fylkeskommune om å vidareføre Sogn og Fjordane fylkeskommune sin praksis med godt eigarskapsarbeid.

----//----

Fylkestinget fann Karen Marie Hjelmeseter inhabil til å delta ved handsaminga av stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr 1. Kjell Kristian Carlsen tok sete i tinget for Hjelmeseter.

Fylkestinget fann Gunn Sande inhabil til å delta ved handsaminga av bustadstiftingane ved sjukehusa, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1. Kjell Kristian Carlsen tok sete i tinget for Sande.

SAK 44/19 Revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter - endeleg vedtak

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Regional handelsføresegn med retningslinjer vert vedteken slik den ligg føre.

Utsetjingsframlegg:

Norlav Distad sette fram slikt framlegg til vedtak:
Saka vert utsett og vurdert i felles planarbeid i Vestland fylkeskommune.

Framlegget fekk to røyster og vart forkasta.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg:
Tillegg i andre avsnitt i punkt 1.3:
Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS område)

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tabell 1.2 endrast slik:

Førde:

Fylkessenter i Sogn og Fjordane og regionsenter i Sunnfjord.

Naturleg lokalisering av offentlege og private tenester som dekkjer heile fylket.

Sogndal:

Regionsenter i Sogn

Sogndal er naturleg lokalisering av offentlege og private tenester som dekkjer regionen Sogn med Hermansverk som naturleg lokaliseringsstad for offentlege tenester som dekkjer heile fylket.

Hermansverk får definisjon som kommunesenter lik som Balestrand.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tabell 1.2 arealavgrensning detaljhandel:

Maks handel 1500 m².

Avrøyting:

Framlegget frå Framstegspartiet vart samråystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samråystes vedteke.

Framlegget frå Senterpartiet vart samråystes vedteke.

Fylkesutvalet si tilråding, med vedtekne endringar som vist ovanfor, vart samråystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Regional handelsføresegn med retningslinjer vert vedteken slik den ligg føre, med følgande endringar:

Tabell 1.2:

Førde:

Fylkessenter i Sogn og Fjordane og regionsenter i Sunnfjord.

Naturleg lokalisering av offentlege og private tenester som dekkjer heile fylket.

Sogndal:

Regionsenter i Sogn

Sogndal er naturleg lokalisering av offentlege og private tenester som dekkjer regionen Sogn, med Hermansverk som naturleg lokaliseringsstad for offentlege tenester som dekkjer heile fylket.

Hermansverk får definisjon som kommunesenter lik som Balestrand.

Tabell 1.2, arealavgrensing detaljhandel:

Maks handel 1500 m²

Tillegg i andre avsnitt i punkt 1.3:

Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS område)

SAK 45/19 Overføring av Astrupkunst

VEDTAK:

1. Tresnitta «Fugl på stein», «Soleinatt», «Juninatt i hagen», «Maimåne», «Heim frå arbeid» og «Liten kornstaur», jf. vedlegg 1, vert overført til Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane kunstmuseum som gav.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at tresnitta vert verande samla, og forvalta etter museale prinsipp.

3. Ved formidling/framvising av tresnitta, føreset fylkeskommunen at utstillingar og arrangement i Astruptunet vert prioritert.
-

SAK 46/19 Nynorskhuset i Førde - Sogn og Fjordane teater si vidare deltaking

VEDTAK:

1. Fylkestinget viser til søknad frå Sogn og Fjordane Teater LL av 06.09.2019 og sluttar seg til at teateret inngår avtale om leige i Nynorskhuset i Førde.
 2. Fylkestinget har tillit til at staten, ved Kulturdepartementet, følgjer opp varsle tilskotsauke (2020) når Nynorskhuset måtte stå ferdig (2022). Teateret bør kunne leggje til grunn at også fylkeskommunen følgjer opp med auka tilskot. Fylkestinget viser i så måte til eigen budsjetttrapport pr. 2. tertial 2019, der ein etablerer eit fond på 18 mill kr som kan nyttast til å dekke framtidige fylkeskommunale meirutgifter.
 3. Ein føresetnad for fylkestinget sitt vedtak er at også Førde kommune er positive til at Sogn og Fjordane teater inngår leigeavtale med Nynorskhuset.
-

SAK 47/19 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen utvider det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS frå 1 mill. kr til 3 mill. kr, med gjeldande vilkår.
 2. Låneavtalen for det samla lånet på 3 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
 3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne låneavtalen.
 4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr må innarbeidast i budsjett 2019 i samband med tertialrapport 2/19.
-

SAK 48/19 Mineralråd

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltar på linje med dei andre.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjetttrapport pr. 2. tertial 2019.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

Endringsframlegg:

Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 1:

«Det er også ein føresetnad at formålet med mineralrådet kun er å arbeide for å gjenvinne mineralar.»

Senterpartiet sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 1:

«Mineralrådet må arbeide for best mogeleg industriell utnytting og verdiskaping av mineralførekomstane i fylket.»

Avrøysting:

Framleggget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk éi røyst og vart forkasta.

Framleggget frå Senterpartiet vart vedteke mot to røyster.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedteken endring, vart vedteken mot to røyster.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltar på linje med dei andre. Mineralrådet må arbeide for best mogeleg industriell utnytting og verdiskaping av mineralførekomstane i fylket.
 2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjetttrappt pr. 2. tertial 2019.
 3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.
-

SAK 49/19 Tertiarrapport 2/19

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Budsjettet fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr
- 2 Rammetilskotet vert auka med 1,900 mill. kr
- 3 Lokale inntekter vert auka med 44,000 mill. kr
- 4 Bruk av bundne fond vert auka med 7,434 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 6,599 mill. kr
- 5 Utlån til andre vert auka med 2,000 mill. kr
- 6 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,180 mill. kr
- 7 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 28,433 mill. kr
Sektorbudsjettet vert auka med 23,322 mill. kr i tråd med vedlegg 2.*
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning, vert auka med 3,200 mill. kr. Med slik fordeling:

Teneste 4210 Bygge- og eigedomsforvaltning, vert auka med 1,200 mill. kr.
Teneste 7154 Utviklingstiltak klima vert auka med 2 mill. kr.

- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 1,200 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,200 mill. kr
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill. kr
Teneste 5202 Gjesteelevar vert auka med 0,800 mill. kr
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 8,000 mill. kr
Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,700 mill. kr
Teneste 5313 Jordbrukskulegardar vert auka med 0,900 mill. kr

- 10 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 1,800 mill. kr med slik fordeling

Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert auka med 3,400 mill. kr
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,500 mill. kr
Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 4,200 mill. kr
Teneste 7321 Båt – diverse vert redusert med 1,500 mill. kr
Teneste 7322 Båt – ekspress vert auka med 1,500 mill. kr
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr

- 11 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 25,620 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi (breiband) vert auka med 4,190 mill. kr.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ihht. prioritert liste i HNK-sak 41/19.

Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 14,310 mill. kr.

Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,500 mill. kr. Fylkesutvalet får ansvaret for å følgje opp denne løvwinga. Jf. samtidig sak om Mineralråd.

Teneste 7500 Kulturminnevern vert redusert med 0,380 mill. kr

Teneste 7750 Idrett vert auka med 6,000 mill. kr.

- 12 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 40,044 mill. kr, med slik fordeling:

- «Nynorskhus» i Førde med 18,000 mill. kr
- Skadefond for fylkesvegnettet med 22,044 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 6.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 8 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 9 vert teken til vitande.

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet Dei Grøne og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

«Fylkestinget løyver 2 mill til vidare arbeid med å realisere Fjordsenteret Marheim i Fjærland.

Fylkestinget ser svært positivt på realisering av prosjektet, og dette vil styrke mellom anna reiselivssatsinga i Vestland.

Vestland bør i framtida bidra med investeringsmidlar når prosjektet er klart for realisering.

Det vert sett av ytterlegare 10 millionar kroner til breibandprosjekt i 2019. Dette kjem i tillegg til dei 4,190 mill som ligg i saka som tilleggslyvning frå før.

Det vert sett av 500 000 kroner til «fartøyvern»

Dette vert finansiert med å redusere avsetning til skadefond for fylkesvegnettet med 12,5 mill»

Arbeidarpartiet, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert sett av ytterlegare 2,5 millionar kroner til Årdal Teknologisenter. Dette kjem i tillegg til dei 10 mill som ligg i saka som frå før.

Avsetning til skadefond for fylkesvegnettet vert redusert tilsvarende.

Miljøpartiet Dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til vedtak:
Stryk følgjande i punkt A 11:

«*Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,500 mill. kr. Fylkesutvalet får ansvaret for å følgje opp denne løyvinga. Jf. samtidig sak om Mineralråd.»*

Avrøysting:

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet Dei Grøne og Venstre vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 17 røyster og vart vedteke.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti fekk to røyster og vart forkasta.

Fylkesutvalet si tilråding, med vedtekne endringar, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Budsjettet fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr
- 2 Rammetilskotet vert auka med 1,900 mill. kr
- 3 Lokale inntekter vert auka med 44,000 mill. kr
- 4 Bruk av bundne fond vert auka med 7,434 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 6,599 mill. kr
- 5 Utlån til andre vert auka med 2,000 mill. kr
- 6 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,180 mill. kr
- 7 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 28,433 mill. kr
Sektorbudsjettet vert auka med 23,322 mill. kr i tråd med vedlegg 2.*
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning, vert auka med 3,200 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 4210 Bygge- og eigedomsforvaltning, vert auka med 1,200 mill. kr.

Teneste 7154 Utviklingstiltak klima vert auka med 2 mill. kr.

- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 1,200 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,200 mill. kr

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill. kr

*Teneste 5202 Gjesteelevar vert auka med 0,800 mill. kr
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 8,000 mill. kr
Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,700 mill. kr
Teneste 5313 Jordbrukskulegårdar vert auka med 0,900 mill. kr*

10 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 1,800 mill. kr med slik fordeling

*Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert auka med 3,400 mill. kr
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,500 mill. kr
Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 4,200 mill. kr
Teneste 7321 Båt – diverse vert redusert med 1,500 mill. kr
Teneste 7322 Båt – ekspress vert auka med 1,500 mill. kr
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr*

11 Sektorbudsjettet til nærings og kultur vert auka med 40,620 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi (breiband) vert auka med 14,190 mill. kr.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ihht. prioritert liste i HNK-sak 41/19.*

Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 16,810 mill. kr.

Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,500 mill. kr. Fylkesutvalet får ansvaret for å følgje opp denne løvvinga. Jf. samtidig sak om Mineralråd.

Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 2,000 mill. kr til vidare arbeid med å realisere Fjordsenteret Marheim i Fjærland. Fylkestinget ser svært positivt på realisering av prosjektet, og dette vil styrke mellom anna reiselivssatsinga i Vestland. Vestland bør i framtida bidra med investeringsmidlar når prosjektet er klart for realisering.

Teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,120 mill. kr

Teneste 7750 Idrett vert auka med 6,000 mill. kr.

12 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 25,044 mill. kr, med slik fordeling:

- «Nynorskhus» i Førde med 18,000 mill. kr
- Skadefond for fylkesvegnettet med 7,044 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhørende finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhørende finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 6.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 8 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 9 vert teken til vitande.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 8. oktober 2019 på Hotel Alexandra, Stryn kommune, var slutt kl. 18.35.

